

Referat frå soknerådsmøte i Moster kyrkje, tysdag 13.02.18

Desse møtte:

Faste medlemmer: Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Mona Ingvaldsen Hodne, Aksel Lygre. 1. vara: Sigurd Totland, 2. vara: Magnhild Nøstbakken.

Formann var ikkje til stades. Nestformann leia møtet.

Sak 12 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 23.01.18

Merknad til innkalling: I innkallinga bør det stå kven som er innkalla.

Merknad til møtebok. Skrivar bed om at e.v.t. små korrigeringar i utkast til referat vert gjort av den som skal sende ut det ferdige referatet. T.d. formann/nestformann.

Referat frå samling med tilsette 23.01.18 vart gjennomgått. Det bør stå i referatet kven som var til stades på samlingsmøtet.

Innkallinga og begge referata er godkjende med overnemnde merknader.

Sak 13 – 2018 Godkjenning av årsmelding med rekneskap og budsjett.

Årsmelding for 2017 godkjend.

Rekneskap for 2017 godkjend.

Budsjett 2018 godkjend.

Sak 14 – 2018 Oppfylging av saker etter samling med medarbeidarar.

- 1) Me legg opp til bønemøte før gudstenestene søndag føremiddag, frå 10:30 til 10:50, på kontoret bak orgelet. Det bør vere ei fast bøneliste, t.d. forbøn for gudstenesta, bedehusa, bygda, og liknande. I tillegg kan ein melde forbønsemne. Det vert mogleg å melde forbønsemne inn i gudstenesta. Ein må ha fire personar til å vere leiarar for bønensamlingane.
- 2) Me legg inn som fast punkt i kunngjeringane at folk vert oppmoda om å invitere andre med seg til gudsteneste.

Sak 15 – 2018 Godkjenning av søknad til biskopen om godkjenning av nye Kyrkjetekstilar, samt små justeringar i kyrkjerommet.

Søknad vart gjennomgått. Vedtak: Soknerådet godkjenner framlegg til søknad og sender søknad tenesteveg til biskopen.

Sak 16 – 2018 Godkjenning av orgelkomiteen.

Gunnvald Bjotveit orienterte grundig og godt.

Vedtak: Soknerådet, ved nestleiar, og ein representant frå soknerådet som også sit i fellesrådet, bed om møte med kyrkjevergja og representantar frå fellesrådet, for å få formelt godkjent orgelkomiteen.

(Vedlegg: "Sak 16/18 i Moster sokneråd: Godkjenning av orgelkomiteen.")

Sak 17 – 2018 Referat og meldingar

- Dugnad ved Landmark Maskin – inngangsparti:
Nestleiar informerte om saka. Det ligg no til rette for at Landmark Maskin kan gjere dette dugnadsarbeidet.
- Anna informasjon/meldingar frå leiar, sokneprest eller andre:

Sokneprest Aksel Lygre orienterte om ymse: Vellukka country gudsteneste, avlyst bibeltime pga sjukdom. (Ein vil gjere eit nytt forsøk på å få denne bibeltimen til seinare.) Det kjem Estlandbesøk 2.-4. mars. Dei vert med på tårnagentgudstenesta, og på middag etter gudstenesta, saman med representantar frå sokneråda, Estlandskomitèen, fellesrådet, pluss staben. Estlandbesøket skal også vere med på ei ungdomssamling i Salem.

3. juni kjem Gunnar Salomonsen og deltek som predikant på Amfigudstenesta.

Leiarkurs er oppstarta med fem deltakarar. (Tre konfirmentar og to andre.)

Sak 18-2018 Medarbeidarfest til hausten
Saka vert utsett til neste soknerådsmøte.

Per Harald Gjerde
skrivar